

«Vandring gjennom Bibelen» for born

«Vandring gjennom Bibelen» for born er:

- Undervisningstilbod til mellomtrinnet, utarbeidd av Det Norske Bibelselskap
- Spennande gjennomgang av forteljingane i Bibelen
- To dobbeltimar som gjev ei allsidig læreoppleving for elevar på mellomtrinnet

Mål og pedagogikk

- «Vandring gjennom Bibelen» gjev kunnskap om Bibelen ved at elevane på fortellande og delvis dramatiserande vis får møte sentrale forteljingar i Bibelen (GT og NT).
- Elevane får oppdage hovedlinene i Bibelen og vert kjende med nokre av hovedpersonane.
- «Vandring gjennom Bibelen» oppsummerer med hugseord og nyttar enkle handrørsler som hjelp til innlæringa.
- Elevane får elementær geografikunnskap om dei bibelske landa.

Målgruppe

- Stoffet er lagt til rette for mellomtrinnet.

Tid

- Kurset tek fire skoletimar - det er vanleg å dele kurset opp i to dobbeltimar, gjerne i to veker etter kvarandre.

Utstyr

- Elevane får utdelt eit notathefte med hjelp til å finne fram i Bibelen, sider til å fylle inn hugseord, kart og varierte oppgåver

som kan brukast som oppfølging etter timane med «Vandring gjennom Bibelen». Hftet kostar kr. 20,-.

- I klasserommet kan ein trenge utstyr for visning av power point/overhead
- Det kan verte naudsynt å flytte på stolar og pultar, slik at ein kan legge ut geografien i Midausten i klasserommet.

Førebuing og etterarbeid

- Det er viktig at læraren informerer elevar og foreldre før ei «Vandring gjennom Bibelen» for born, slik at dei veit at det kjem ein kurshaldar utanfrå som skal undervise om Bibelen.
- Vi reknar med at læraren (helst den som er lærar i RLE-faget) er med klassa under «Vandring gjennom Bibelen», slik at læraren veit kva elevane har gjennomgått og kan repetere dette saman med dei.
- I elevheftet er det ti sider med ulike typar oppfølgjings-oppgåver, som bør brukast i klassa etter «Vandring gjennom Bibelen»-kurset.

Opplæringslova: (i kraft 1 aug 2008, etter res. 27 juni 2008 nr. 724)

§ 2-4. Undervisninga i faget religion, livssyn og etikk : Religion, livssyn og etikk er eit ordinært skolefag som normalt skal samle alle elevar. Undervisninga i faget skal ikkje vere forkynnande.

Undervisninga i religion, livssyn og etikk skal gi kjennskap til kristendommen, andre verdsreligionar og livssyn, kjennskap til kva kristendommen har å seie som kulturarv og til etiske og filosofiske emne.

Læreplanen:

Hovedområdet kristendom omfatter kristendommen i historisk perspektiv og hvordan kristendommen blir forstått og praktisert i verden og i Norge i dag, Bibelen som kilde til kulturforståelse og tro...

http://www.udir.no/templates/udir/TM_Læreplan.aspx?id=2100&laereplanid=707207

Den lokale kurshaldaren i "Vandring gjennom Bibelen"
er _____

Telefon _____

Telefaks _____

E-post _____

Nokre lokale opplysningar:

Kurshefte, overheadark og anna materiell som er produsert av Det Norske Bibelselskap for «Vandring gjennom Bibelen» er Bibelselskapets eigedom med copyright. Det er ikkje lov å nytte materialet, selje eller kopiere det i andre samanhengar enn «Vandring gjennom Bibelen»-kurs ved autoriserte kurshaldarar.



Bibelselskapet

Postboks 6624 St. Olavs plass
0129 Oslo
Telefon: 22 93 27 32

www.bibel.no

Vandring gjennom Bibelen for born



Bibelselskapet